



Kinn kommune

Helse og velferd

Treng du hjelp i kvardagen?



Informasjon
til deg som treng
helse- og
omsorgstenester
med vedtak

Kinn kommune ønskjer at alle innbyggjarar skal få flest mogleg gode levekår, og at ulikskap i helse og levekår vert redusert.

Helse- og velferdstenestene skal planleggast langsiktig og heilskapleg. Vi skal bruke kompetanse og ressursar på ein fleksibel og tenleg måte, slik at innbyggjarane får **rette tenester på rett nivå**.

Kommunen legg vekt på at kvar enkelt får tenester som samsvarar med behova dei har. Gjennom samarbeid og gjensidig tillit skal tenestene bidra til auka livskvalitet og eigenmeistring, med mål om at flest mogleg kan bu heime lengst mogleg.

Vi har ein tenestestandard for tenester i helse og velferd. Standarden gjev informasjon om dei ulike helse- og velferdstenestene som du kan søke på. Målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenester vi gir.

Tildelingseininga i Kinn kommune har faste møter kvar veke, der alle søknadar om helse- og velferdstenester blir drøfta før vedtak vert fatta.

Du må gjerne ta kontakt med ein sakshandsamar dersom du har spørsmål om søknadsprosessen eller vedtak.

Du finn søknadsskjema og tenestestandarden på Kinn kommune si nettside.



Ein del helse- og omsorgstenester
må ein søke om å få. Tildeling skjer
utifrå ditt hjelpebehov

Tenestestandard for helse og velferd i Kinn kommune

Ein del helse- og omsorgstenester må du søkje om å få. Tildeling skjer ut i frå kva hjelpebehov du har. Vi har ein tenestestandard for tenester i helse og velferd. Standarden gir informasjon om dei ulike helse- og omsorgstenestene, og målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vi gir.

Meir informasjon om tildeling av dei ulike tenestene finn du i tenestestandarden på Kinn kommune si nettside.

Eigenmestring og val av teneste



Kinn kommune har fokus på eigenmeistring. Målet er at du som innbyggjar skal halde oppe funksjonen din og vere så sjølvstendig som mogleg i kvardagen. Det betyr at kommunen alltid skal vurdere andre løysingar før vi tildeler kommunale helse- og velferdstenester.

Velferdsteknologi og hjelpemiddel

Velferdsteknologiske løysingar og hjelpemiddel blir alltid vurdert først. For mange kan dette gi god tryggleik og støtte i kvardagen – utan at du treng tradisjonelle tenester. Døme på slike løysingar er: Varsling- og lokaliseringsteknologi (GPS), tryggleiksalarm, elektronisk medisindispenser, døralarmar og rørslesensor.



Figur 1 Person som nyttar elektronisk medisindispenser

Kva treng du hjelp til?

Treng du hjelp til medikament-handtering?

Ditt lokale apotek tilbyr privat multidose. Før kommunen kan innvilge tenester, skal det alltid bli gjort ei vurdering av om du kan nytte dette tilbodet. Dersom du treng dagleg utlevering av medisinar, vil det bli vurdert om du kan nytte elektronisk medisindispenser.

Treng du hjelp til kompresjonsstrømper eller augedråpar?

Hjelpemiddel som *strømpepåtrekkar og droppe* kan hjelpe deg å meistre desse oppgåvene sjølv. Spør ditt lokale apotek om rettleiing og bestilling.

Treng du hjelp til å lage middag?

Dersom du treng hjelp for å ivareta ditt næringsbehov, tilbyr kommunen middagsombringning. I søknad om denne tenesta blir det også vurdert om ferdigmiddag frå butikk eller anna matbedrift kan dekke ditt behov.

Treng du hjelp til å ta blodprøver, injeksjonar eller sårstell?

Det blir alltid vurdert om du kan reise på det lokale legekontoret for å få utført desse oppgåvene, eller om det er mest føremålstenleg at dei vert gjennomført som helsehjelp i heimen.

Treng du auka sosial kontakt?

I alle søknadar vert det vurdert om du kan auke di sosiale deltaking gjennom besøksven, aktivitetar gjennom frivillighetssentralen eller LEV VEL.

Ønskjer du ein besøksvenn?

Ein besøksvenn kan kome heim til deg for ein prat, ein kaffikopp eller ein tur. For meir informasjon, ring gjerne samfunnskoordinator Martine Borthheim på tlf. 97 99 18 02.

Utlån og søknad om hjelpemiddel

Kommunen har hjelpemiddel til korttidslån. Dersom du treng eit hjelpemiddel over lenger tid, kan kommunen hjelpe deg med å søke vidare.

Du finn meir informasjon om hjelpemiddel og korleis du kan søke på Kinn kommune si nettside.

**Du kan også ringe kommunen direkte for å få rettleiing:
57 75 60 00 (sentralbordet)**

Lag og foreiningar

I Florø og Måløy er det mange aktivitetar du kan delta på. Vi veit at det å delta på ein fast aktivitet har stor helsegevinst. På Kinn kommune sine nettsider finn du oversikt over lag og foreiningar. I tillegg er «Friskus kommune» ein mobilapp du kan finne informasjon om aktivitetar du kan delta på. Ikkje nøl med å ta kontakt med oss for meir informasjon.

Kontaktinformasjon

Florø frivillighetssentral v/ Hanne Cecilie Sande, tlf. 47 34 31 05.
Vågsøy frivillighetssentral v/ Siw Anett Kuppen, tlf. 90 74 64 71.

LEV VEL

LEV VEL i regi av Kinn kommune ønskjer å skape eit inkluderande fellesskap der alle kan kjenne seg heime. Gjennom gode møteplassar, felles opplevingar og ikkje minst god mat, legg vi til rette for nye venskap, meistring og trivsel i kvardagen.



Sjå gjerne programhefte med informasjon som kjem for kvar vår og haust. Denne finn du på Kinn kommune si nettside.

Kva hjelpebehov har du?

Helse og velferd i Kinn kommune utfører vedtaksbaserte tenester. Det vil seie at du må søke om tenester ut i frå hjelpebehov - tenestene utfører ikkje akutte oppdrag. Dersom du treng legetilsyn ber vi deg kontakte:

- Fastlegen din
- Legevakt på telefonnummer 116 117
- Ambulanse på telefonnummer 113 dersom du treng akutt helsehjelp

Tildelingseininga

Har du spørsmål vedrørende tildeling av helse- og velferdstenester? Sjå Kinn kommune si nettside eller ring 57 75 60 00 (sentralbordet) for å bli sett over til ein sakshandsamar.